



# Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, lærarutdanning og økonomi- og samfunnsvitenskap. HVL tilbyr ulike årsstudium og bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar.

HVL skal være tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har ambisjonar om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

## Reinhaldar 50 % stilling

Høgskulen på Vestlandet har ledig ei 50 % fast stilling som reinhaldar på dagtid ved skuleanlegga på campus Stord. I kortare periodar, for eksempel ved sjukdom, kan det bli aktuelt med vikariat i inntil heil stilling. Stillinga er knytt til Avdeling for økonomi og arealforvaltning, eining for areal og drift Stord/Haugesund.

### Ansvars- og arbeidsoppgåver:

- Utføre reinhald i samsvar med arbeidsomfang og planar
- Bidra til eit godt arbeidsmiljø

### Kvalifikasjonar (krav til stillinga):

- Fagbrev og/eller erfaring frå reinhald
- Kommunisere godt på norsk

### Personlege eigenskapar:

- Fleksibel og serviceinnstilt

### Vi tilbyr:

- Eit trivelg arbeidsmiljø
- Opplæring i reinhaldarfaget

Stillinga som reinhaldar vert lønna etter Statens lønnsregulativ, i stillingskode 1130 renholder/1129 renholdsbetjent og blir vurdert ut frå utdanning og praksis. Frå lønna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

### Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spanande fagmiljø med høve til kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid i samsvar til Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten. Normalarbeidstid for denne stillinga er 07.00 - 14.30.
- Høve til trening i arbeidstida

### Korleis søkje stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merket "Søk stillingen" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknadane vil bli vurderte ut frå den informasjonen som er lagt inn i [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no) ved utløp av søknadsfristen. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, slik som attestar og vitnemål. Dersom vitnemåla, karakterutskriftar eller annan dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetjingar.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

### Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at i samsvar med ny offentleglov kan opplysningar om søkjaren verta offentleggjort sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom slik oppmoding ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing, rekruttere personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er IA bedrift.

[Hjemmeside](#)

### Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

Marta Lindeflaten tlf: 951 18 601

